



Professor Dag Helland hadde eit sprudlande kåseri på kaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Diverre var det nokre ledige plassar då eit sommarleg høgdepunkt i Uskedalen vart innleia laurdag kveld: Dei som ikkje var der kan angra, for Bøkkerveld nummer 14 i bygdas mest originale festlokale var ein fulltreffar. Det bidrog ikkje minst det fantastiske sommarveret til, men også programmet var egna til å begeistra.





Arrangementet starta på kaien, som har stor kapasitet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gledeleg mange tok oppmodinga om å koma fjordvegen ålvorleg. Det vart tett med båtar ved den rommelege kaien og lengst ute låg båten som etter Aktivitetsdagen har fått status som sjørøvarskute i Uskedalen: Nyanja til Jan Berntsen som er ein gaffelrigga catch bygd av rotefritt cedertre i Malawi i Afrika i 1979 og kjøpt av Berntsen i 2002.



Kjell Borge Olsens kvartett var i aksjon for trettande gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I det fantastiske veret vart det naturleg å opna kvelden på kaien og 'Summertime' spela av Ole Jacob Hystad på saksofon og Svein Folkvord på kontrabass var den heilt rette introduksjonen til ei stor verbal oppleving: Ein av 'våre' professorar, professor i bioteknologi og ekspert på livsprosessar, Dag Helland, heldt eitt sprudlande kåseri om kva vi har levd av ned gjennom tidene.





Færing på veg til bålet! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Komen rett frå prosjektopphald i Sør-Sudan tok han livet av antioksydantane og kom med denne utsegna om genmodifisering av mat: - Å genmodifisera maten er ikkje noko problem, men verda treng ikkje å gjera det. Vi har meir enn nok areal å dyrka på!



Forseinka jonsokfeiring på Rød! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vi er ikkje så sikre på at professoren har full dekning for alle opplysningane om korleis spesielle formar for mat eigentleg vart til, til dømes lutafisken. Men tilståinga av at han er medlem av Beinavikjo fiskeforening for ulovleg fiske er truleg rett.

Om grunnen til at vi nyttar så mykje krydder hadde han denne forklåringa:

Det er fordi vi skulle få fjerna lukta og smaken av halvrotten mat!

Og så kom han med ei oppmoding som vart teken ålvorleg då forsamlinga åt lubbesild og potet seinare på kvelden: Bruk ikkje kniv og gaffel, omtrent heile verda et med fingrane!

Eit anna høgdepunkt var sjølvsgatt jazzen til Kjell Borge Olsen kvartett. Gruppa har spela 13 gongar under Bøkkervelden og bandleiaren forsikra at det er ei like stor oppleving kvar gong. Denne gongen hadde han med seg sonen Henrik (gitar) i tillegg til dei to om allereie er omtala og kvartetten held nok ut i mange år enno.

For eitpar år sidan vart ein båt tilhøyrande programleiar Kristian Bringedal brent på bålet ved Bøkkerverkstaden. Denne gongen kom turen til ein utlevd færing. Det vart ein forseinka, men stemningsfull jonsokstemning - medan nymånen steig opp over Skorpo.

Jau, det var ein stor kveld og det vellukka sambuarskapet mellom godseigar Hallvard Rød og leiglending Kristian Bringedal kunne innkassera ein ny suksess.

Av Ola Matti Mathisen



Jan Berntsen og Klara Bakke kom med sin Afrikabåt av cedertre. (Foto: Ola Matti Mathisen)